

nicolai@firdasea.no

Vår ref.: 20/592-2/ IFB  
L.nr.: 20/6090  
Dykkar ref.:  
Arkiv:  
Dato 30.11.2020

## Referat oppstartsmøte reguleringsplan Eide kai.

### Referat frå oppstartsmøte

<b>Sak (namn og ID): Eide hamn, gnr 35/14 mfl.</b>	
<b>Møtestad:</b> Kommunehuset	<b>Møtedato:</b> 26.11.20
<b>Deltakarar:</b>	
Frå forslagstillar	Frå kommunen
<b>Firda</b> Nikolai Arnesen Sandberg Kai Arild Hatlem Jon Anders Birkeland	<b>Plan</b> Idar Førde Blom Gaute Lundeland
<b>A/STAB</b> Ine Askevold Hansen Gaute Baarøy	
Referat sendast til:	

### 1. Planføresetnader

**Plantype:**

- Områderegulering       Reguleringsending       Detaljregulering

**Aktuelt område er omfatta av følgjande planar:**

- Kommuneplanen sin arealdel  
 Områderegulering  
 Detaljregulering  
 Utbyggingsplan  
 Planen vil heilt / delvis erstatte følgjande plan(ar): Overnatting delvis ikkje i samsvar med gjeldande arealformål «hamn» i kommuneplanens arealdel.  
 Planframlegget vil samsvare med overordna plan.  
 Planframlegget vil ikkje samsvare med overordna plan.

Merknader:

Området er satt av i gjeldande kommuneplan til «hamn» og strekket kring veg i nord har formål LNF. Angående overnatting skal kommunen undersøkje om det er forenleg med føremål hamn og ta kontakt med Fylkemannen.

Framlegg til avgrensing av planområdet er gjennomgått. Planavgrensinga er satt fornuftig kring ønska tiltak med molo, lagerområde, parkering og vegtrase. Det vert påpeika frå kommunen at det er 80-sone på vegstrekket, og det må settast av tilstrekkeleg planavgrensing i høve til siktlinjer.

### **Bakgrunn og mål med planarbeidet, og hovudføremål i planen:**

Firda sjøfarmer har drift av 3 oppdrettsanlegg i Åfjorden. Har i dag lager og operasjonsbase lenger inne i Åfjorden på Hatlem. Firda eig i dag moloane på Eide og tilhøyrande tomt på austleg side av hamneområdet. Det er på dette området ynskje å etablere ny servicebase med muligheit for lager, oppbevaring av operasjonsmateriell, ankring av båtar, overnatting ved behov og nokre kontor.

### **Plannamn:**

Forslagsstillars forslag til namn:

Det er kommunen som tek avgjerd på plannamn. Kommunen kjem med tilbakemelding på namn og plan – ID.

**Plannamn:** Eide hamn, gbnr 35/14 mfl.

**PlanID:** 2020002

### **Anna pågåande planarbeid**

- Kommunen kjenner ikkje til anna planarbeid i området
- Det er på gang anna planarbeid i området:

Merknad: Kommunen er i gong med revisjon av kommuneplanen sin arealdel. Vert tenkt å viderføre gjeldane overordna føremål som det ligg i gjeldande plan.

### **Planprogram**

Utløyser planen krav til planprogram, jf PBL § 4-1?

Merknad: Nei. Vert vurdert til å ikkje løyse ut krav til planprogram jf pbl § 4-1 og forskrift om konsekvensutgreiing.

### Konsekvensutgreiing

Det skal i oppstartsfasen avklarast om planen vert omfatta av krav om planprogram og konsekvensutgreiing. Om reguleringsplanen fell inn under § 3 i KU – forskrifta, men er vurdert til ikkje å skulle konsekvensutgreiast, skal dette gå fram av varsel og kunngjering om oppstart av planarbeidet.

Dersom planarbeidet vert omfatta av KU-forskrifta skal forslag til planprogram sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn seinast samtidig med varsel om oppstart av planarbeidet.

Merknad: Nei.

## 2. Lokale forskrifter og retningslinjer som gjeld for planområdet:

- Kommunale vedtekter
- Kommunale retningslinjer
  - Kommuneplanens retningslinjer
  - andre
- Føresegner i arealdel av k-plan

Merknader:

## 3. Viktige vurderingar og utgreiingsbehov

Lokale tilhøve som føreset særleg utgreiing / vektlegging i planarbeidet:

- |  |   |
|--|---|
| <input type="checkbox"/> Born og unge                                | <input checked="" type="checkbox"/> Biologisk mangfald            |
| <input checked="" type="checkbox"/> Samfunnstryggleik og beredskap   | <input type="checkbox"/> Stadutvikling, kjøpesenter               |
| <input type="checkbox"/> Funksjonshemma og eldre                     | <input checked="" type="checkbox"/> Kulturlandskap og kulturminne |
| <input checked="" type="checkbox"/> Kommunikasjon, veg og vegteknisk | <input checked="" type="checkbox"/> Klima og energi               |
| <input type="checkbox"/> Universell utforming                        | <input checked="" type="checkbox"/> Strandsona, sjø og vassdrag   |
| <input checked="" type="checkbox"/> Trafikktryggleik                 | <input type="checkbox"/> Folkehelse (støy, ureining mv)           |
| <input type="checkbox"/> Jordvern- og landbruksfag                   | <input type="checkbox"/> Miljøvern faglege vurderingar            |
| <input checked="" type="checkbox"/> Kommunaltekniske anlegg          | <input type="checkbox"/> Anna                                     |

Opplistinga er ikkje uttømande

Særskilte tilhøve og tilleggsopplysningar:

## 4. Statlege planretningslinjer og særlover som vedkjem planarbeidet:

- |   |   |
|---|---|
| <input type="checkbox"/> Barn og unge sine interesser | <input checked="" type="checkbox"/> Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen |
| <input type="checkbox"/> Verna vassdrag               |   |

- Samordna areal- og transportplanlegging
- Naturmangfaldloven
- Vassressurslova, ureiningslova, andre

Opplistinga er ikkje uttømande

Merknader: Ny regional plan for klima og energi bør også vere med som grunnlag i planarbeidet.

### 5. Krav til planforslaget

- Forslagsstillar er gjort kjent med rettleiar for utarbeiding av reguleringsplanar, og dei vedlegg kommunen ynskjer skal leggjast til grunn for vidare arbeid med planen.
- Forslagsstillar er gjort kjend med kva krav til kunnskapsgrunnlag og utgreiingar kommunen set for det vidare planarbeidet.

### 6. Kommunaltekniske anlegg

- Forslagsstillar er gjort kjend med kommunaltekniske anlegg som har tydnad for tiltaket.
- Tiltaket føreset utbygging / utbetring av det kommunaltekniske anlegget
- Tiltaket utløyser krav om utbyggingsavtale

Merknad:

.

### 7. Kommunale sakshandsamingsgebyr

- Forslagsstillar er gjort kjend med kommunale handsamingsgebyr, og om når han vil verte fakturert:

Planen vert vurdert til å falle inn under kategorien «vanleg plan» i kommunens gebyrregulativ. Kostnad her er 30 000,-kr og vil verte fakturert forslagstillar.

- Kommunale handsamingsgebyr skal sendast til: Firda Eiendom

### 8. Oppstart av planarbeidet – tilråding frå kommunen

- Kommunen tilrår ikkje oppstart av planarbeidet. Grunngeving for negativ tilråding er: Vidare saksgang:

- Kommunen tilrår oppstart av planarbeidet

Kommunen har følgjande råd til det vidare planarbeidet:  
*Kunngjere i Firda. Kommunen vil kunngjere på eigen heimeside.*

Varsle naboar i forkant av søknad til planoppstart. Eventuelle merknader skal fylgje søknaden.

### Diskusjon:

Det vart løfta fram kva arealformål som skal gjelde for områda.

Nr.1 – bygning og anlegg: Det er tenkt formål «industri» og «lager», med eit alternativ underformål «Næringsbygningar». Det var løfta fram problemstilling knytt til overnatting kombinert med næring. Begge partar undersøker nærare for å avklare eit passande arealformål snarleg etter møtet.

Nr.2 – Samferdsle og teknisk infrastruktur – Nyttast underføremål «småbåthamn» eller «kai». I høve til drifta så vil det vere mest naturleg med «kai» for hamneområdet. Sjøarealet vil ha formål «hamneområde i sjø».

## 9. Kartgrunnlaget

Planframlegget skal presenterast på tilstrekkeleg oppdatert kartgrunnlag (basiskart) og vera i samsvar med kartforskrifta til § 2-1 i pbl.

Vil det vere behov for nykartlegging i planområdet? *Nei.*

Ved ja - skisser krava:

Er eigedomstilhøva i planområdet tilstrekkeleg klarlagt? *Ja.*

Ved nei: List opp kva som må klargjerast.

*Kommunen ettersender referat frå møtet, tilhøyrande naboliste, kartgrunnlag liste med offentlege instansar.*

## 10. Stadfesting

Informasjon frå kommunen er gjeve så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gjev rettar i den seinare sakshandsaminga.

Referatet er godkjent og motteke:

Stad, dato: \_\_\_\_\_

Stad, dato: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
Representantar frå kommunen

\_\_\_\_\_  
For forslagsstilla

Med helsing

Idar Førde Blom  
Ingeniør

*Telefon: 57789536*

*E-post: idar.forde.blom@hyllestad.kommune.no*

*Dokumentet er godkjent elektronisk, og har difor ikkje signatur.*